

## **STYREMØTE Sunnfjord kulturråd**

Tysdag 22.10.24

Alle medlemmer er kalla inn.

Det vil seie, også varamedlemmer er kalla inn til dette styremøte.

Til stade: Svein Inge Bjørkedal, Daniel Lira Figueiredo, Ole Johnny Devik, Ragnhild Kjøde Nes, Kari Eikås, Leiv Sølvsberg

### **Saker:**

#### **1. Konstituering av styre. Val av leiar, nestleiar og kasserer.**

Frå vedtektene:

##### **«§ 4 Styre**

*Sunnfjord Kulturråd vert leia av styret som er vald av årsmøtet. Styret skal arbeide etter vedtektene og arbeide etter dei vedtak og retningsliner som årsmøtet fastset.*

*Styret konstituerer seg sjølv med val av leiar og nestleiar kvart år etter årsmøtet.*

*Styret bestemmer sjølv si eiga arbeidsform. Styret har ansvaret for det daglege arbeidet og dreg opp liner for både det kortsiktige og det langsiktige arbeidet og presenterer dette for innbyggjarane i kommunen. Styret kan setje ned ad-hoc komitear og vere representert i komitear og utval som gagnar kulturlivet i Sunnfjord.*

*Styret innkallar til medlemsmøte ved behov. Styret er vedtaksføre når tre medlemmar er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Styret kan knyte til seg sekretær/saksførebuar og kasserar.»*

Møtet finner at Kirsten Johanne Friis må spørjast om vervet som leiar. Ho har vore med i interimstyret, og ho har vore nestleiar i tre periodar. Styret meiner ho er godt skikka til oppgåva som leiar. Ole Johnny Devik stiller som nestleiar. Daniel Lira Figueiredo stiller som kasserer. Styret var så fornøgd med dette at ein lang applaus runga i Sakralrommet.

Svein Inge Bjørkedal fekk i oppdrag å ta opp saka med Kirsten Johanne Friis.

#### **2. Styret sin arbeidsform 2024 – 2025.**

Johan Bengtsson informerte om ynskje frå kommuneleiinga om at sekretærfunksjonen skal endrast til ein kontaktperson, eller eit bindelegg mellom styret i Sunnfjord kulturråd og Sunnfjord kommune. Johan Bengtsson går av som kulturleiar 1.1.2025.

#### **3. Handlingsplan 2024 – 2025**

Styret gjekk igjennom Handlingsplanen som er vedteken av Årsmøtet.

Innspel til handlingsplan: Rekruttering av fleire organisasjonar inn i Sunnfjord kulturråd. Rekruttering av barn og unge inn i organisasjonane. Forslag om ungdomsrepresentanter i styret for Sunnfjord kulturråd

#### 4. Andre saker

- a. Jølstrahuset. Svein Inge gav ein økonomisk oppdatering. Vi forventar tilskot på 200.000 kr frå Kulturdirektoratet (80 % av løyvinga) ca 1. november. Nytt møte med kommunen om tilgang til bygget og vidare prosjekt 31.10.24.
- b. Lenkje til alle organisasjonar i Sunnfjord. Frå Brønnøysundsregisteret; <https://data.brreg.no/enhetsregisteret/oppslag/enheter?kommunennummer=4647&organisasjonsform=FLI,STI&sort=navn.norwegian,asc>
- c. Neste møte onsdag 20.11.24 kl 19:00 – 20:30 i Sakralrommet, Førdehuset

Førde 22.10.24

Johan Bengtsson, sekretær